



NVE

nve@nve.no

Leikanger 22.01.2018

Krav om tilleggssøknad for Guleslettene industriområde i Flora og Bremanger kommunar i Sogn og Fjordane.

Zephyr AS har kome med nye vindturbinplasseringar for Guleslettene industriområde. Dei er dramatisk endra i høve konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga. Talet turbiner i Flora kommune er auka frå 6 til 17. Alle dei 11 nye turbinane er plassert på kontroversielle stadar med vesentlege ulemper for landskap, jakt, fiske og friluftsliv. Turbinane vil truga fuglelivet i enno større grad, og vi får ei auka fare for ureining av drikkevatt og vassdrag.

Guleslettene er eitt av Flora kommune sine viktigaste friluftsområde. Endringsforslaga til Zephyr inneber ei fullstendig nedbygging av Guleslettene heilt ut til randsonene av planområdet. Støyen vil breie seg nedover i hjorteliene i Botnane, Guleskaret og Uradalen, Sagadalen, og Kupene vest for Terdalen og heilt ned i Terdalen.

I vest vil vindturbinane kome inn i rutene til trekkfuglane og dei vil verte synlege frå mange av gravstadane og kulturminna langs strandsona frå Årebrotet og heilt ut til Kinn. Frå Florø vil utsynet mot vegar, vegskjeringar og turbinar verte valdsamt dominerande. Refleksblink i kombinasjon med kvite turbinvinger mot både fjell og himmel som bakgrunn, vil medføre eit blikkfang som tek over heile det nordlege synsfeltet frå Florø by. Om natta vil blinkande raude lys dominere. Tidlegare utarbeidd støy- og synleiksanalyse er nærast verdiløus.

I aust er det føreslege å bygge ned fleire av dei mest populære turmåla med vegar, oppstillingsplassar og industriturbinar. Sprengde industriareal og støy frå veivande turbinblad vil øydelegge desse områda som turmål. Fleire gode fiskevatn og drikkevasskjelder risikerer olje- og kjemikalieureining.

Zephyr AS opplyste i Flora kommunestyre 27. november 2017 at Guleslettene industriområde vil stengast for ferdsel i perioden det er fare for iskast. I praksis vil dette vere frå oktober til og med april. Dette står i sterk kontrast til det som kom fram i konsekvensutgreiinga der ein rekna med at ny teknologi i nye vindturbinar ville eliminere faren for iskast. Med dei føreslegne plasseringane av

turbinar vil tryggelikssonene måtte utvidast til å gjelde også utanfor planområdet. Det er uakseptabelt.

Endringane Zephyr føresler for Guleslettene industriområde er så store at Naturvernforbundet, Norges Jeger og Fiskerforbund NJFF i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Norsk Ornitologisk Foreining avd. S&Fj og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) krevjer at Zephyr AS må sende ein tilleggssøknad om endringane til NVE. Denne må deretter sendast på høyring. Vidare arbeid med Miljø- Transport- og Arealplan (MTA) må utsettast til dette er gjennomført. Alle planar som Zephyr AS har for utbyggingar innanfor industriområdet må inkluderast i endringssøknaden.

Med helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar



Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet



Norges Jeger og Fiskeforeining i Sogn og Fjordane

Alf Erik Røyrvik, leiar



Norsk Ornitologisk Foreining avd. Sogn og Fjordane

Torbjørn Hasund, leiar

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator

Vedlegg:

1. Zephyr presentasjon for Flora kommune desember 2017
2. Pressemelding Guleslettene industriområde
3. MTA Guleslettene industriområde, innspel til Flora kommune
4. Mattilsynet Guleslettene industriområde II